



Arkivnr: 2015/9127-1

Saksbehandlar: Karl Viken

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		23.09.2015
Fylkestinget		13.10.2015

Tertialrapportering pr. august 2015 - rekneskapsprognose.

Samandrag

Tertialrapporten etter 2. tertial viser eit meirforbruk på 55 mill. kr. Rapporten viser at det innanfor samferdsel, opplæring, fylkeskommunal næringsverksemd ligg an til meirforbruk. For skatteinntektene ser det ikkje ut til å verta svikt samanlikna med budsjettet, etter at Stortinget si løyving til delvis kompensasjon av venta skattesvikt er rekna med. For rentekapitlet, lønsavsetjinga og fylkesadministrasjonen ser det ut til å gå mot mindre overskot samanlikna med det som er budsjettet. For dei andre delane av budsjettet er årsprognosen balanse eller små avvik.

Fylkesrådmannen vil vurdere tiltak for å betre den økonomiske stoda og vil ha særskild fokus på dette i samband med budsjettet for 2016. Fylkesrådmannen vil følgja utviklinga i siste tertial, og ha særleg merksemd på dei to områda som får størst verknad for det sitt økonomiske resultatet i 2015; inntektene i kollektivsektoren og skulane sine årsresultat.

Som nemnt ved rapporteringa pr. 1 tertial, er det liten fare for rekneskapsunderskot i 2015. Forverring av årsprognosen med 5 mill. kr i høve til prognosen pr. 1. tertial – til 55 mill. kr – endrar ikkje dette. Det kjem av at det i budsjettet for 2015 er sett av 102 mill. kr til finansiering av investeringar. Delar av denne summen vert stroken ved rekneskapsavsluttinga, om årsprognosen slår til. Fylkesrådmannen vil likevel understreka at den økonomiske situasjonen for fylkeskommunen vert svekka.

På investeringsbudsjettet har fylkesrådmannen i saka framlegg om nokre endringar – i hovudsak som følgje av endra framdrift for nokre prosjekt, samanlikna med det som var lagt til grunn i budsjettet. I tillegg er det forslag om budsjettendring mellom rammetilskot og skatt etter Stortinget si løyving til kompensasjon for venta svikt i skatteinntektene.

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering.
2. Budsjettet for 2015 vert endra slik:

a) Driftsbudsjettet

Stad	Art	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10 00	310 220	16501 Bilruter	5 602 000	
10 00	600 780	14700 Lærlingtilskot	2 460 000	
10 00	700 100	18700 Skatt	18 600 000	
10 00	700 200	18000 Rammetilskot		26 662 000
			26 662 000	26 662 000

b) Investeringsbudsjettet

Stad	Art	Prosjekt	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10 00	300 270	02301 00 00010	Bussanlegg Sunnhordland	1 000 000	
10 00	300 270	02301 00 00013	Terminalbygg/sjåførfasilitetar		2 000 000
10 00	300 420	02301 00 07602	Fylkesveginvesteringar	17 000 000	
10 00	614 020	02301 00 06026	Voss gymnas		20 000 000
10 00	639 020	02301 00 06020	Årstad vgs.	14 000 000	
10 00	642 020	02301 00 06032	Bergen tekniske fagskole	2 000 000	
10 00	740 020	05290 00 07112	Eigenkapitaltilskot KLP	4 900 000	
10 00	777 020	01000 00 05800	Profilering eigedomar		2 000 000
10 00	778 020	02301 00 01999	Samleløyving tannklinikkar		10 000 000
10 00	790 100	09480 00 09978	Bruk av investeringsfond		4 900 000
				38 900 000	38 900 000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi- og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 14.09.2015**Investeringar**

Tabellen gjev oversyn over kor mykje som er brukt til investeringar pr. 2. tertial:

	Reknesk. pr. aug.	Årsbudsj.	Forbruk i % av årsbud.
Administrasjon og fellesfunksjonar	36 540	59 000	61,9 %
Årstad vgs.	92 807	136 000	68,2 %
Nye Voss vgs.	165 381	235 000	70,4 %
Andre prosjekt opplæring	141 924	332 000	42,7 %
Tannhelsetenesta	6 690	25 000	26,8 %
Regional utvikling	365	5 000	7,3 %
Fylkesvegar	785 592	1 693 500	46,4 %
Bybanen	1 136 667	1 448 000	78,5 %
Andre prosjekt samferdsel	40 050	88 000	45,5 %
Kultur	690	3 000	23,0 %
TOTAL	2 406 706	4 024 500	59,8 %

Normalt er forbruket på investeringsprosjekt størst i 3. tertial, så det er ikkje unaturleg at forbruket pr. 2. tertial ligg litt lågare enn 2/3 av årsbudsjettet.

Status for framdrift og økonomi i dei enkelte investeringsprosjekta er omtalt nedanfor. Dette viser at ein i nokre prosjekt ligg litt etter opphavleg framdriftsplan, mens ein i andre har forsert framdrifta og får meir utgifter i år enn budsjettet.

Fylkesrådmannen foreslår nokre budsjettjusteringar slik at budsjettet blir meir i samsvar med det ein forventar av forbruk gjennom heile 2015.

FellesfunksjonarFylkeshuset – ombygging/opprustning

Arbeidet med ombygging av garderobe for å betre tilhøva for sykkelparkering vil starte opp i haust. Vidare vil ein oppgradere møterom i Fylkeshuset og starta ombygging i resepsjonsarealet. Ein legg til grunn at samla forbruk blir om lag som budsjettet.

Profilering av eigedomar

Prosjektet har samla kostnadsramme på 20 mill. kr og pågår for fullt. Det har synt seg meir tidkrevjande enn føresett å få til naudsynte godkjenningar for byggetiltaka. Revidert framdriftsplan syner eit forventa forbruk i 2015 på 8 mill. kr, og ein rår til at ramma for 2015 vert redusert med 2 mill. kr. Samla forbruk for prosjektet ved årsslutt er venta å verte om lag 13,5 mill. kr. Deler av profileringa vert gjennomført som del av større byggeprosjekt. Ein legg til grunn at restbehov ved årsslutt vil vere på om lag 5,5 mill. kr, og fylkesrådmannen kjem attende til dette i budsjettet for 2016.

IT-fellessystem

Løyvinga er på 25 mill. kr og det er ikkje meldt om avvik i forhold til ramma pr. 2. tertial.

El-bilar

Det er løyvd 5 mill. kr til kjøp av el-bilar i budsjettet for 2015. Innkjøpet er delt i 5 ulike biltypar der første konkurransen omfatta to typar. Det er bestilt 13 el-bilar som vert leverte i november. Den nye utlysinga som omfatta tre biltypar, har frist medio september. Ein legg til grunn at bestilling av desse bilane kan skje medio oktober.

Eigenkapitalinnskot - KLP

KLP krev årleg eigenkapitaltilskot som for 2015 er på 4,9 mill. kr. Dette ligg ikkje inne i budsjettet. Fylkesrådmannen rår til at summen vert finansiert ved bruk av kapitalfondet. Fylkesrådmannen vil ta med dette tilskotet i budsjettet for 2016.

OpplæringRehabilitering/ombygg/mindre tilbygg i skulesektoren

I samband med tertialrapport nr. 1 i 2015 vart ramma redusert frå 125 til 100 mill. kr. I ettertid av dette er ein skilde prosjekt styrka med bruk av fond frå vidaregåande skular. Ein ser at ein skilde prosjekt har noko redusert framdrift i høve til det som opphavleg var lagt til grunn, dette gjeld og prosjekt som er delfinansiert med bruk av fond. Vidare har ein og noko etterslepp frå tidlegare år. Truleg vil samla forbruk bli noko lågare enn samla budsjett. Ein rår likevel ikkje til at det vert gjort budsjettendringar.

Amalie Skram vidaregåande skole

Bygget er fullført og vart teke i bruk frå skuleåret 2014/2015 og det er ikkje sett av midlar til prosjektet i 2015. Det står framleis att fleire sluttoppgrjer og tvistar knytt til bygget, og desse vil ikkje bli slutført før i 2016. Fylkesrådmannen kjem attende til dette.

Årstad vidaregåande skole

Prosjektet er delt opp i fleire delprosjekt og status for arbeida er:

- Ferdigstille fløybygget bygg B, 3 og 4 etg. (Ferdigstilt)
- Ferdigstille høyblokken 4 et. Bygg B (Ferdigstilt)
- Renovering av heis bygg B (Ferdigstilt)
- Nytt garderobeanlegg og sykkelparkering bygg B (Ferdigstilling i september)
- Ny reinhaldsentrall bygg B (Ferdigstilling i september)
- Nytt fylkesarkiv bygg B (Ferdigstilling i oktober)
- Rehabilitering av bygg A er i full gang og dette delprosjektet vert ferdigstilt sommaren 2016.

Framdrifta i prosjektet er svært god, og ut frå gjeldande framdriftsplan vil ein større del av arbeida verte utført i 2015 enn det som var føresett både då budsjettet vart vedteke, og budsjettet vart auka ved behandlinga av 1. tertial. Fylkesrådmannen rår difor til at budsjettet vert auka med ytterlegare 14 mill. kr i 2015, frå 136 mill. kr til 150 mill. kr. I arbeidet med budsjett for 2016 er det lagt til grunn ein tilsvarande reduksjon i løyvinga.

Nye Voss vidaregåande skule

Forprosjektet for nye Voss vidaregåande skule vart godkjent av fylkestinget i juni 2014 med ei kostnadsramme på 530 mill. kr.

Prosjektet er delt opp i fleire prosjekt, og av desse er mellombels skule og førebuande arbeid med omlegging av leidningar, nytt reiskapslager og parkering, nytt garderobe- og verkstadbygg knytt til gardsdrifta avslutta.

Byggearbeida med det nye skulebygget starta opp i august 2014 og ved utgangen av august 2015 ligg prosjektet i rute med framdriftsplanen. Kroppsøvingssalen som er del av det nye skulebygget vart teken i bruk til skulestart i august 2015, men er ikkje formelt tatt over frå entreprenør. Heile prosjektet skal vere ferdig sommaren 2016 slik at den nye skulen kan takast i bruk frå skulestart hausten 2016. Arbeidet med hestestall vil starte hausten 2015 og skal også vere ferdigstilt til skulestart hausten 2016.

Fylkesrådmannen legg til grunn at samla forbruk for 2015 vert som budsjettert med 235 mill. kr.

Nye Voss gymnas

Forprosjektet for nye Voss gymnas vart godkjent av fylkestinget i juni 2015 med ei kostnadsramme på 530 mill. kr.

Byggearbeida starta i juli 2015 og før dette er det nytta midlar til førebuande arbeid så som reguleringsplan, romprogrammering, pris- og designkonkurransse, samspel med vinnar av konkurransen og avsluttande drøftingar om forprosjekt med pris for totalentreprise. Det er vidare betalt ut 10,4 mill. kr til Voss kommune for frikjøp av 80 parkeringsplassar som kan nytte fellesanlegg som parkeringshus eller liknande og 1 mill. kr. for leigerett i ny kunstgrasbane.

Det er no avtala ein faktureringsplan for arbeida med den nye skulen. Denne syner nokre lågare utbetalingar i 2015 enn det ein la til grunn i tertialrapporten for 1. tertial 2015. Fylkesrådmannen rår difor til at ein reverserer noko av budsjettauken frå 1. tertial og foreslår å redusera budsjettet med 20 mill. kr, slik at budsjettet for 2015 vert på 95 mill. kr.

Videregående skular i Åsane

Fagtilboda for dei to vidaregåande skulane i Åsane vart vedteke på møte i fylkestinget i juni.

Programmeringsarbeida for begge skulane er starta opp og ein planlegg å legge fram sak om romprogram for Tertnes vidaregåande skole hausten 2015 og for nye Åsane vidaregåande skole våren 2016.

For Tertnes planlegg ein byggestart i 2. kvartal 2016 med ferdigstilling til skulestart 2018.

Byggearbeida for den nye skulen i Åsane kan starte opp frå 2018 når arbeida på Tertnes vgs er ferdigstilt. Nye Åsane vgs er planlagt teken i bruk frå skuleåret 2020/2021.

Fylkesrådmannen legg til grunn at samla forbruk i 2015 vert om lag som budsjettert.

Bergen Katedralskole – tilbygg

Forprosjekt som viser tilgjengeleg areal på skulen er avslutta og syner kva areal ein rår over. Med dette som bakgrunn er det vedteke studietilbod og elevtal ved skulen.

Prosjekteringsarbeidet held fram og det skal leggjast fram eit forprosjekt for politisk handsaming hausten 2015. Byggearbeida er planlagt med oppstart tidlig i 2016 og skal avsluttast i løpet av 2017.

Bergen handelsgymnas – tilbygg

Det er vedteke vedteke å auka ramma for prosjektet med 10 mill. kr til 60 mill. kr. Fylkesrådmannen rår til at det ikkje vert gjort ytterlegare justeringar på dette prosjektet no.

Bergen tekniske fagskole

Det er for 2015 løyvd 10 mill. kr til prosjektet. Skulen har hatt ein gjennomgang av bygget i Margaretastredet til bruk som laboratoriebygg for Bergen tekniske fagskule. Dette delprosjektet er i ein oppstartsfase, men ein ser at det er behov for bygningsteknisk oppgradering. Fylkesrådmannen rår til at årets løyving til prosjektet vert auka med 2 mill. kr, til 12 mill. kr.

Hjeltnes vgs – drivhus planteskole

Riving av eksisterande drivhus er gjennomført. Vidare gjennomføring av prosjektet er stilt i bero i påvente av resultatet frå mogleghetsstudien som no vert gjennomført for skulen.

Tannhelse

Tannlegevakt Bergen Sentrum/Solheimsviken tannklinikk

Ny tannlegevakt i Bergen er lokalisert i Solheimsviken (Solheimsgaten 18) – i nabobygget til den nye legevakten i Bergen. Noverande Engen tannklinikk er vedtatt lagt ned og personale og pasientar flytta til den nye Solheimsviken tannklinikk. Dei nye lokala opna i juli 2015, med full drift for sjølve tannklinikken (dagtid) frå månadsskifte august/september. Drift i dei nye lokala er planlagt starta i oktober.

Kostnadsoverslaga for Solheimsviken tannklinikk/Tannlegevakten i Bergen var på 10 mill. kr, men status syner at prosjektet vert noko billigare enn dette. Sluttoppgjer er ikkje ferdig men ein legg til grunn at prosjektet vert fullført innanfor ei kostnadsramme på 9 mill. kr.

Askøy tannklinikk

Noverande Kleppestø tannklinikk og Florvåg tannklinikk skal samlokaliseras i ein ny Askøy tannklinikk i Kleppestø senter. Kostnadsramma for nye Askøy tannklinikk er 15 mill. kr. Den er no teikna kontrakt med Askøy kommune om å leige deler av lokala kommunen eig i senteret. Planlegging og anbudsprosessar skal gjennomførast hausten 2015, medan det fysiske arbeidet i hovudsak vert utført i 2016. Ein rår difor til at det vert avsett 1 mill. kr til prosjektet i 2015 medan resten må innarbeidast i budsjettet for 2016.

Samla gjev dette eit behov knytt til investering bygg innan tannhelse på 10 mill. kr i 2015. Fylkesrådmannen rår difor til at rammeløyvinga vert redusert frå 20 til 10 mill. kr i 2015.

Samferdsel

Bussanlegg Sunnhordland

Det pågår for tida ein prosess med å utarbeide tilbodsmateriale. Planen er at byggstart skal skje i 2016. I samband med tertialrapport nr. 1 i år vart løyvinga for 2015 redusert til 5 mill. kr. Grunna tomtekjøp vert denne løyvinga for knapp i 2015, og fylkesrådmannen rår til at budsjettet vert auka med 1 mill. kr i år, utan at den totale kostnadsramma vert endra.

Bussanlegg Nordhordland

Ein er i sluttfasen av arbeidet med avtale om kjøp av eksisterande anlegg i Nordhordland. Det vert lagt opp til at kjøpet skal skje ved kjøp av aksjar (eigedomsselskap). Det er så langt lagt til grunn at organiseringa vert tilsvarande som dei andre selskapa i kollektivsektoren. Selskapet vil då bli eit eige AS under HFK Bussanlegg AS. HFK Bussanlegg AS vil ha behov for lån frå fylkeskommunen for å finansiere kjøpet. Fylkesrådmannen kjem attende til dette i eiga sak. Avsett sum i budsjettet for 2015 på 25 mill. kr vil inngå som ein del av finansieringa av kjøpet.

Terminalbygg/sjåførfasiliteter

Det er drøftingar mellom anna med Statens vegvesen om gjennomføring av tiltak. Drøftingane vil truleg føra til at delar av kostnadane ein har hatt vil bli dekkja av andre. Fylkesrådmannen legg difor til grunn at ein vil få eit mindreforbruk i 2015 på 2 mill. kr.

Kaianlegg - oppgradering

Det er løyvd 1 mill. kr til dette føremålet i 2015. Av dette er om lag 0,5 mill. kr disponert til oppgradering av Flesland kai. Ein legg til grunn at samla forbruk vert innanfor vedteke budsjett for 2015.

For investeringane som gjeld billiteringssystem, ruteinformasjonssystem, automatisk passasjerteljning, trafikkinformasjonssystem og vognmateriell til bybanen er det pr. 2. tertial ikkje meldt om avvik.

Bybanen

Byggetrinn 2

I budsjettet for 2015 er det sett av 5 mill. kr til avsluttingsarbeid. Det står att noko arbeid knytt til m.a. kartforretning med ulike grunneigarar før rekneskapen kan avsluttast – truleg før årsskiftet.

Byggetrinn 3

Det er budsjettert med 1 363 mill. kr i 2015 til byggetrinn 3. Pr. 2. tertial er rundt 75% av byggearbeida utført. Den første grunntreprisa på traseen er ferdigstilt og dei andre grunnarbeidsentreprisane er i avsluttingsfasen. Både dei tekniske- og byggentreprisane er godt i gang. Framdrifta er god, sjølv om det framleis er saker knytt til kvaliteten på teikningsgrunnlaget for dei arbeida som står att. Det er difor framleis

knytt uvisse til dei økonomiske konsekvensane av tidligare prosjekteringsfeil og -manglar, endringar, auka mengder og kostnader til avbøtande tiltak.

I tertialrapporten etter 1. tertial vart det opplyst at prognosen var ei overskriding på mellom 150 og 200 mill. kr samanlikna med kostnadsramma i Stortingsproposisjonen om Bergensprogrammet. Fylkesrådmannen har ikkje opplysningar om at dette er vesentleg endra etter 2. tertial.

Prognosen for forbruk i 2015 ser ut til å vera i samsvar med det som er budsjettet.

Byggetrinn 4

I samband med rapporten etter 1. tertial vart det løyvd 20 mill. kr til prosjektering av byggjesteig 4 i 2015. Løyvinga vart gjort med bakgrunn i at Stortinget slutta seg til også å prosjektera traseen mellom Bergen sentrum og Fyllingsdalen.

Pr 2. tertial er det inngått 3 kontrakter for prosjektering, grunnundersøkingar og grunnlagspunkt og arbeidet med desse er starta opp.

Fylkesveggar

Fylkesrådmannen vil nedanfor gje ein kort statusrapport for strekningsvise prosjekt, programområda, standardhevingstiltaka og rassikringsprosjekt.

Bergensprogrammet

Store prosjekt

Ringveg Vest byggetrinn 2

Trafikkopning for prosjektet er 5. oktober i år. Arbeidet følgjer i hovudsak framdriftsplanen og er godt i rute. Sluttoppgjer med hovudentreprenør pågår, der det er tvist om ein sum på ca. 50 mill. kr. Fylkesrådmannen kjem attende til dette når utfallet av tvisten er nærare avklart.

Arbeid med elektroinstallasjonar i 2. byggetrinn av Knappetunnelen har pågått i 2015. I løpet av 2016 og første halvår av 2017 vil prosjektet halda fram med utskifting av alt elektro- og styringsutstyr i Lyderhorntunnelen. Dette er ei nødvendig oppgradering, ettersom elektro- og styresystema i dei to tunnelane må henga saman. Fylkesrådmannen kjem attende til dette i budsjettet for 2016.

Åsamyrvegen

Budsjettet for prosjektet er 30 mill. kr i 2015. Tidsforskyving mellom 2014 og 2015 gjer at det er venta eit meirforbruk i 2015 på 11 mill. kr. Prosjektet er finansiert med eksterne midlar og er opna for trafikk.

Fleslandsveien

Prosjektet er finansiert dels av Bergen kommune – som følgje av rekkefølgjekrav – og dels av fylkeskommunen. Framdrifta er noko seinka i høve til planane og fylkesrådmannen vil koma attende til dette i plan- og byggeprogrammet for 2016. Då vil ein ha oversyn over totalkostnaden og fordeling av finansieringa mellom kommunen og fylkeskommunen.

Programområda i Bergensprogrammet

Budsjettet for programområda i Bergen vart redusert med 12 mill. kr i samband med rapporten etter 1. tertial. Det er ikkje venta endring i prognosen for det samla budsjettet. Mellom dei ulike programområda er det nokre endringar som følgje av at nokre prosjekt kjem seinare i gang enn føreset.

Fylkesrådmannen viser elles til det som er nemnt om Belønningsmidlar nedanfor.

Belønningsmidlar

Hordaland fylkeskommune fekk i samsvar med søknad tildelt 134 mill. kr i belønningsmidlar. Sommaren 2015 fekk ein i tillegg tildelt 50 mill. kr slik at den samla summen for belønningsmidlar i 2015 er 184 mill. kr.

I budsjettet for 2015 er det føresett at 31 mill. kr vert nytta til driftstiltak innanfor kollektivtransporten.

Styringsgruppa i Bergensprogrammet har nyleg drøfta bruken av belønningsmidlane i 2015 og kor stor del av midlane det er naturleg å overføra til bruk i seinare år. Fylkesrådmannen vil koma attende til dette når ein har utarbeidd forslag disponering og på den måten gje eit samla oversyn over fordelinga av 2015-belønningsmidlane på 184 mill. kr.

Bruken av belønningsmidlane for 2016 vert teke med som ein del av Plan- og byggeprogrammet som vert lagt fram for fylkestinget i desember.

Strekningvis prosjekt utanom Bergen

Fv7/49 Kvammapakken (Kvam og Granvin)

Løyvinga til Kvammapakken vart redusert med 15 mill. kr, til 55 mill. kr, i samband med rapporten etter 1. tertial. Bakgrunnen var noko seinare framdrift enn lagt til grunn i budsjettet. Strekninga Skarpasvingen – Øystese aust er venta slutført neste år. For strekninga Vikøy – Norheimsund har det vore rettstvist med entreprenøren om delar av arbeidet. Det er nyleg kome melding om dom i fylkeskommunen sin favør, men dommen er enno ikkje rettskraftig. For strekninga Nes – Norheimsund vart grunnervervsarbeidet noko meir omfattande enn lagt til grunn. Prosjektet for Lingaparsellen er venta lyst ut neste år og ein er vidare i gang med prosjektering av gang- og sykkelvegen på Kvamskogen. Prognosen er også etter 2. tertial eit forbruk i 2015 på 55 mill. kr.

Fv541/542 Bømlopakken (Bømlo)

Framdrifta er raskare enn planlagt og difor vart budsjettet auka med 70 mill. kr i samband med 1. tertialrapport i fylkestinget i juni. For prosjektet Fv542 Stokkabekken – Siggjarvåg er det god framdrift med venta ferdigstilling juni 2017. Prosjektet Fv541 Tjong – Løvegapet vert utlyst i 2015 og skal etter planen starte opp i slutten av 2015. På prosjektet Fv542 Røyksund – Eikeland er anleggsarbeidet ferdig og det står att noko grunnerverv. For Fv541 Sakseid – Hestaneset er forslag til reguleringsplan sendt over til kommunen. For prosjektet Fv542 Røyksund bru med veg (nord) er det venta anleggstart mot slutten av 2015. Fylkesrådmannen legg til grunn prognose for 2015 på 300 mill. kr i samsvar med budsjettet.

Fv48 Tyssetunellen (Samnanger)

I rapporten etter 1. tertial var totalprognose rekna til 670 mill.kr (løpande kr). Regionvegsjefen er i ferd med å gå gjennom sluttoppgjeret og kostnadsprognosen kan ut frå dette setjast til 677 mill. kr. Det ser ut for å gå med meir midlar i 2015 enn lagt til grunn i tidlegare – og tilsvarande mindre i 2016. Bakgrunnen er dels forskyving mellom 2014 og 2015 – der meir av kostnadene kjem i 2015 og dels som følgje av auka sikringstiltak etter flaumskader i samband med uveret Nina vinteren 2014/2015. Tunnelen vart opna 6. juli 2015.

Budsjettet for Tyssetunellen i 2015 er 98 mill. kr. Fylkesrådmannen foreslår å auka budsjettet med 38 mill. kr – til 136 mill. kr med bakgrunn i det som er nemnt ovanfor og vil koma attende til restfinansieringa i budsjettet for 2016.

Fv209 Storskaret – Arefjordpollen (Fjell)

Prosjektet har fått seinare oppstart enn planlagt som følgje av tidkrevjande prosess i samband med flytting av straumførande anlegg og avklaringar knytt til grunnerverv. Tilbodsbefaring vart gjennomført i august og det er venta at kontrakten for anlegget vert inngått i november 2015. Med bakgrunn i dette foreslår fylkesrådmannen å redusera budsjettet for 2015 med 10 mill. kr, frå 15 mill. kr til 5 mill. kr. Totalprognosen for prosjektet er rekna til 143 mill. kr.

Fv158 Grindavoll – Lepsøy (Os).

Forsinka oppstart som følge av utfordringar i prosjekteringsfasen førte til at budsjettet for 2015 vart redusert med 15 mill. kr – til 15 mill. kr i samband med rapporten etter 1. tertial. Arbeidet på strekninga Grindavoll – Vågshaugen er starta opp og venta ferdigstilt hausten 2016. Fylkesrådmannen legg til grunn budsjettet for 2015 på 15 mill. kr.

Fv567 Hosanger sentrum (Osterøy)

Det er budsjettert med 38 mill. kr i 2015, men det er varsla mindreforbruk på 8 mill. kr i 2015. Dette heng saman med ein månad seinare oppstart enn planlagd. Totalkostnadene for prosjektet er rekna til 65 mill. kr etter at naudsynt sikring av skjering er rekna med. Fylkesrådmannen foreslår å redusera budsjettet med 8 mill. kr i 2015. Restløyvinga kjem ein attende til i budsjettet for 2016.

Fv49 Uggdal – Uggdalseidet (Tysnes)

I samband med tertialrapport etter 1. tertial vart budsjettet for prosjektet auka med 3,5 mill. kr til 23 mill. kr. Prosjektet er venta ferdig hausten 2015.

Fv545 Stord Vestside (Fitjar og Stord)

Bompengeinnskrevjinga på ferja Halhjem – Sandvikvåg til prosjekt på denne strekninga gjeld til og med 2016. I samband med 1. tertialrapport vart budsjettet for 2015 auka med 6,7 mill. kr til 22,2 mill. kr. Status på prosjektet Sagvåg bru er at kontrakt er inngått og det er venta ferdigstilling til årsskiftet. Parsellen Rimbareid - Vik vert lyst ut som totalentreprise og utlysning er venta seint hausten 2015. Fylkesrådmannen kjem attende til prosjektet i budsjettet for 2016.

Askøypakken (Askøy)

Budsjettet for Askøypakken i 2015 er 44 mill. kr. Reguleringsplanarbeidet har teke noko lengre tid enn lagt til grunn og byggestarten for prosjekta er seinka. Fylkesrådmannen legg i tertialrapporten til grunn prognose på 44 mill. kr i samsvar med budsjettet. Fylkesrådmannen kjem attende prosjekta i Askøypakken i budsjettet for 2016.

For Kollektivterminalen på Voss vert det arbeidd med ei samla finansieringsløyving for utbygginga av Voss stasjon som knutepunkt og fylkesrådmannen vil koma attende til dette i budsjettet for 2016.

Fv313 Undergang Ringheimsvegen (Voss)

Kontrakt er signert og kabelarbeidet som må gjennomførast før, under og etter innsetting av kulvert er i gang. Kostnaden for prosjektet er rekna til 16 mill. kr og budsjettet kan såleis reduserast med 4 mill. kr.

Askøybrua (Askøy og Bergen) – fysisk sikring

I ei eiga sak til fylkesutvalet har fylkesrådmannen utgreidd alternativ for fysisk sikring av Askøybrua. Det er i saka foreslått å løyva 1 mill. kr til prosjektering av tiltaket. Fylkesrådmannen tek med løyvingsforslaget i tertialrapporten.

Programområde utanom Bergen

Til programområde utanom Bergen er det i 2015 til disposisjon 93 mill. kr. I tillegg er det løyvd 126 mill. kr i standardhevingstiltak.

Det er berre meldt om mindre avvik for prosjekta i programområde utanfor Bergen, og det er dermed ikkje behov for budsjettjusteringar etter 2. tertial.

Standardhevingstiltak

Prognosen for standardhevingstiltaka er i samsvar med budsjettet på 126 mill. kr. Tiltaka er delt i tre kategoriar; bruer og ferjekaiar, tunnelar og murar og kantar. Fylkesrådmannen legg til grunn at regionvegsjefen styrer prosjekta slik at det ikkje vert trong for tilleggsløyvingar.

Rassikring

Fv7 Haukanesberget (Granvin)

Opning er venta i november 2015, men på grunn av at sluttoppgjer kjem i 2016 vart budsjettet redusert med 44 mill. kr i samband med 1. tertialrapport. Budsjettet for 2015 er dermed 60 mill. kr i samsvar med prognosen. Fylkesrådmannen kjem attende til sluttløyving i budsjettet for 2016.

Fv7 Lussandberget (Granvin).

Arbeidet starta opp i januar 2015 og det er ikkje venta avvik i framdrifta. Gjennomslag i tunnelen er planlagt i november 2015. Det er budsjettet med 150 mill. kr i 2015 i samsvar med prognosen.

Budsjettjusteringane som fylkesrådmannen gjer framlegg om innanfor fylkesveginvesteringane kan oppsummerast slik:

Prosjekt	Justering (tal i heile mill. kr)
Fv209 Storskaret - Arefjordpollen	-10,0
Fv567 Hosanger sentrum	-8,0
Fv313 Ringheimsvegen - undergang	-4,0
Fv48 Tyssetunnelen	+38,0
Askøybrua – fysisk sikring	+1,0
Sum	+17,0

Oppsummering av endringane i investeringsbudsjettet

Fylkesvegar	+17,0
Skulebygg	-14,0
Bussanlegg/sjåførfasilitetar	-1,0
Profilering	-2,0
Sum	0,0

Driftsbudsjettet

Revidert nasjonalbudsjett

Stortinget gjorde vedtak om revidert nasjonalbudsjett 19. juni – etter at fylkestinget handsama tertialrapporten for 1. tertial. Ei viktig endring var at kommunesektoren fekk ein viss kompensasjon for venta svikt i skatteinntektene. Rammetilskotet for Hordaland fylkeskommune vart auka med 26,66 mill. kr. Av denne summen skulle 18,6 mill. kr vere kompensasjon for svikt i skatteinngangen. 2,46 mill. kr vart gjeve som kompensasjon for auke i lærlingtilskotet. Omlag 5 mill. kr gjaldt ymse justeringar innan samferdsel (justering av ferjeavløysingsmidlar, kompensasjon for auka CO₂ avgift og endring i retningslinjene for transportstøtte).

Fylkesrådmannen rår til at fylkesbudsjettet vert oppdatert for endringane som følgje av Stortinget sitt vedtak.

Politiske organ og administrasjon

Sidan rapporteringa etter 1. tertial er det gjennomført ei omorganisering i fylkesadministrasjonen. Økonomiavdelinga og Organisasjonsavdelinga er slått saman til ei avdeling. I tillegg er Eigedomsseksjonen

skilt ut frå tidligare Økonomiavdelinga, og vorten eiga avdeling. Eigedomsavdelinga vert omtala i eige avsnitt nedanfor.

Som del av utviklinga av fylkesadministrasjonen går prosjektet «Førebudd på framtida» vidare. Mellom anna vert oppgåveportefølje kartlagd, og det vert arbeidd med verksemdstrategi for fylkeskommunen.

I tillegg er det sett i gang arbeid med å skaffa nytt integrert økonomistyringssystem. Førebels går prosjektet etter planen, og systemet er planlagt å vera i drift frå 2017.

Fylkesrådmannen viser elles til den vedlagde rapporten for Økonomi- og organisasjonsavdelinga, der ein føreset eit positivt årsresultat på 4 mill. kr. Det er såleis god kostnadskontroll i den nye avdelinga.

Eigedom

Eigedomsavdelinga rapporterer eit mindreforbruk i 2015 i høve til budsjett på 3 mill. kr. Dette kjem i hovudsak grunna mindre kostnader på lønssida når det gjeld driftsleiartenesta. Det er god kontroll på avdelinga sin økonomi.

Fylkesrådmannen viser elles til den vedlagde rapporten for Eigedomsavdelinga.

Fellesfunksjonar / lønsavsetjing

Ein har tidlegare rapportert om ei innsparing på lønsavsetjingskontoen på ca. 3 mill. kr som følgje av at lønstillegga i 2015 vart 0,1 % lågare enn budsjettertert. Ein har ikkje nye opplysningar etter 2. tertial.

I løpet av september ventar ein oppdaterte prognosar frå pensjonsselskapa. Dette er ein viktig faktor som kan endre prognosen.

Opplæring

Prognosen for opplæringssektoren samla er ei budsjettoverskriding på 20 mill. kr. Spesialundervisning – som er budsjettert som ein del av Opplæringsavdelinga sitt budsjett – er venta å gje eit meirforbruk på 10 mill. kr. Skulane er venta å få eit underskot på 20 mill. kr for 2015, men halvparten av meirforbruket er venta å verta dekkja inn ved bruk av skulane sine fond.

Lærlingtilskotet, ein stor budsjettpost det er knytt noko usikkerhet til, er venta å gå omlag i balanse. Utbetalinga av lærlingtilskota i juni, og fagopplæring sine eigne prognosar, stadfester at denne delen av budsjettet samsvarar bra med forbruket.

Førebels syner inntakstala for dei vidaregåande skulane at det totalt sett er mindre endringar i elevmassen. Tidligere overslag over lågare elevtal hausten 2015 samanlikna med hausten 2014 ser førebels ut til å slå til. Befolkningsprognosane viser 300 færre elevar totalt i Hordaland. Av desse reknar ein med 200 færre elevar i fylkeskommunen sine vidaregåande skular.

Det er inngått ny avtale med Rogaland fylkeskommune for elevar i Sunnhordland. Det er enno for tidleg å seia kva økonomiske konsekvensar avtalen vil få.

Fylkestinget har i budsjettet for 2015 sett av 7 mill. kr, der bruken av midlane skal vurderast etter at inntaket er klart hausten 2015. Dersom føresetnaden i budsjettet om færre elevar viser seg å stemme etter at elevteljinga er gjennomført ultimo september, vert det lagt sak til Opplæring- og helseutvalet med framlegg til fordeling av dei nemnde 7 mill. kr.

Sjølv om prognosen på 20 mill. kr i meirforbruk er liten samanlikna med totalbudsjettet i opplæringssektoren, er det viktig å halda fram med den gode økonomistyringa. Fylkesrådmannen vil difor ha fokus på utviklinga i stoda i skulesektoren gjennom siste del av 2015.

Fylkesrådmannen viser elles til den vedlagde rapporten for Opplæringssektoren.

Tannhelsetenesta

Prognosen som tannhelsetenesta har levert gjennom økonomirapporteringa tilseier at sektoren kjem ut med eit mindre underskot.

Driftstal 2. tertial 2015

Tannhelsetenesta har behandla ein prosentvis større del pasientar (51,3 %) enn på same tidsrom i 2014 (50,6 %). Talet på ferdigbehandla pasientar varierer noko frå tannhelsedistrikt til tannhelsedistrikt. Fylkestannlegen si vurdering er at pasientbehandlinga er godt i samsvar med årsplanen. Variasjonane mellom dei ulike tannhelsedistrikta har organisasjons- og bemanningmessige årsaker.

Fylkesrådmannen viser elles til den vedlagde rapporten for tannhelsetenesta. Her melder ein eit negativt budsjettavvik på 2 mill. kr for sektoren. Dette skuldast i hovudsak at klinikkstrukturplanen ikkje er handsama.

Regional utvikling

Regionalavdelinga ser ut til å gå mot eit overskot på 1 mill. kr som følgje av eit høgare inntektsnivå enn budsjettert. Kostnadssida i avdelinga er venta å koma i balanse ved årsslutt. Det er elles å merka seg at avdelingsøkonomien viser relativt store budsjettavvik gjennom året. Dette har sin naturlege forklaring i at statlege overføringer gjerne kjem tidlig i året, medan utbetalingar frå avdelinga skjer seinare.

Fylkesrådmannen viser elles til den vedlagde rapporten for regionalavdelinga.

Fylkeskommunal næringsverksemd/konsesjonskraftinntekter

Det er budsjettert med netto inntekt på 65 mill. kr i 2015. Prognosen for 2015 var 50 mill. kr etter 1. tertial. Denne årsprognosen er ikkje endra etter 2. tertial, og det ser dermed ut til å gå mot svikt i budsjettet for konsesjonskraftinntektene.

Kraftprisane har vore låge den siste tida, og det er ikkje teikn på at dei vil stiga med det første. Med bakgrunn i dette, vil fylkesrådmannen i budsjettet for 2016 vurdera kva som er rett nivå for desse inntektene i åra framover.

Samferdse

Fylkesvegvedlikehald

Statens vegvesen melder at det kan gå mot overskriding for vegvedlikehaldet. Dette vart meldt også pr. 1 tertial. Pr. 2. tertial er prognosen eit meirforbruk på 56 mill. kr på faste driftskontraktar og innsparingar på 4 mill. på øvrig drift og vedlikehald av bruar. Av meirforbruket på faste kontraktar er omlag 17 mill. kr knytt opp mot opprydding etter flaum og stormen Nina. Det er sett i gang tiltak, men det er vanskeleg å seia kva effekt tiltaka vil få. Det vert vist til utfyllande informasjon i vedlagde rapport.

Samla er prognosen eit negativt avvik på 52 mill. kr for fylkesvegvedlikehaldet, men auka momskompensasjon dempar dette med 12 mill. kr. Prognosen er etter dette eit negativt avvik på 40 mill. kr. for vegvedlikehaldet. Auka momskompensasjonen er heller ikkje teke omsyn til i den vedlagde rapporten frå Samferdselavdelinga. Fylkesrådmannen legg til grunn at regionvegsjefen styrer vedlikehaldet mest mogleg innanfor budsjettamma, men ekstremhendingar som nemnde over gjer det utfordrande å unngå budsjettoverskriding.

Kollektivtransport

Kostnadssida for kollektivtransport er venta å få eit mindreforbruk på 58 mill. kr. På inntektssida er det derimot venta ein kraftig svikt; prognosen for 2015 pr. 2. tertial er ein svikt på 70 mill. kr. Det gjev ein negativ prognose på 12 mill. kr. for kollektivtransport. I revidert nasjonalbudsjett er det løyvd omlag 5 mill. kr. til styrking av samferdselsektoren. Dette reduserer den negative prognosen for kollektivtransport til 7 mill. kr.

Noko av svikten kan koma av at ein ved utarbeiding av budsjettet for 2015 ikkje fullt ut fanga opp budsjettsvikten ein hadde mot slutten av 2014. I tillegg kan det siste relativt store takstpåslaget ha spela inn. I eit lengre perspektiv har ein også hatt overgang til periodebillettar frå sal av enkeltbillettar. Dette er positivt for reisetida/trafikkavviklinga, men reduserer også inntektene. Det er likevel viktig å poengtere, at sjølv om det er budsjettsvikt, så har trafikkinntektene auka monaleg samanlikna med 2014, men budsjettet var altså enno meir optimistisk.

Fylkesrådmannen er uroa over budsjettsvikten på inntektssida i kollektivtransporten og vil ha fokus på denne delen av budsjettet i siste tertial av 2015.

Oppsummering samferdsel

Fylkesrådmannen viser elles til den vedlagde rapporten for samferdssektoren som gjev meir informasjon om kostnads- og inntektssida i sektoren.

I rapporten vert det samla lagt til grunn ein årsprognose om meirforbruk på 62 mill. kr. Som nemnt over er det i rapporten ikkje teke omsyn til auka momskompensasjon på 12 mill. kr for vegvedlikehaldet. Løyvinga på 5 mil. kr i revidert nasjonalbudsjett til styrking av samferdselssektoren er heller ikkje rekna med i den vedlagde rapporten. Samla sett vert prognosen for sektoren betra med 17 mill. kr når ein tek omsyn til dette. Prognosen for samferdselsektoren vert dermed eit meirforbruk på 45 mill. kr.

Kultur og idrett

Kultur og idrettsavdelinga rapportar eit årsresultat pr. 2 tertial på 1 mill. kr for 2015. Dette kjem i hovudsak grunna mindre kostnader på lønssida. Rekneskapa viser ein del avvik på både kostnads- og inntektssida, men desse vert stort sett utlikna gjennom budsjettåret. Elles er det god kontroll på avdelinga sin økonomi.

Fylkesrådmannen viser elles til den vedlagde rapporten for kultur- og idrettsavdelinga.

Skatt og rammetilskot

Pr. juli var det godt samsvar mellom skatteinngang (inklusive inntektsutjamning) og budsjett. I august låg skatteinngangen for Hordaland litt over budsjettet. Skattetala for landet pr. august vert offentleggjort 16. september. Etter det vil ein kunne sjå korleis inntektsutjamninga slår ut denne månaden.

Ut frå det ein har sett så langt, er prognosen at det går mot balanse mellom rekneskap og budsjett for skatt og rammetilskot. Men det er framleis risiko for at skatteinngangen kan svikte dei siste månadene dersom arbeidsløysa stig.

Renter og avdrag

Rentenivået ligg på eit historisk lågt nivå for tida. Ein held fast på prognosen frå tidlegare om ei innsparing på om lag 15 mill. kr i 2015. Fylkesrådmannen viser elles til finansrapport etter 2. tertial i eiga sak til fylkestinget.

Oppsummering

Prognosen for dei ulike områda kan oppsummerast slik:

	mill. kr
Politiske organ og administrasjon	4
Fellesfunksjonar/lønsavsetjing	3
Eigedom	3
Opplæring	-20
Tannhelse	-2
Regional utvikling	1
Fylkeskommunal næringsverksemd	-15
Samferdsel	-45
Kultur og idrett	1
Skatt og rammetilskot	0
Renter og avdrag	+15
TOTAL	-55

Tertialrapporten etter 2. tertial viser eit meirforbruk på 55 mill. kr. Rapporten viser at det innanfor samferdsel, opplæring, fylkeskommunal næringsverksemd ligg an til meirforbruk. For skatteinntektene ser det ikkje ut til å verta svikt samanlikna med budsjettet, etter at Stortinget si løyving til delvis kompensasjon av venta skattesvikt er rekna med. For rentekapitlet, lønsavsetjinga og fylkesadministrasjonen ser det ut til å gå mot mindre overskot samanlikna med det som er budsjettet. For dei andre delane av budsjettet er årsprognosen balanse eller små avvik.

Fylkesrådmannen vil vurdera tiltak for å betre den økonomiske stoda og vil ha særskild fokus på dette i samband med budsjettet for 2016. Fylkesrådmannen vil følgja utviklinga i siste tertial, og ha særleg merksemd på dei to områda som får størst verknad for det sitt økonomiske resultatet i 2015; inntektene i kollektivsektoren og skulane sine årsresultat.

Som nemnt ved rapporteringa pr. 1 tertial, er det liten fare for rekneskapsunderskot i 2015. Forverring av årsprognosen med 5 mill. kr i høve til prognosen pr. 1. tertial – til 55 mill. kr – endrar ikkje dette. Det kjem av at det i budsjettet for 2015 er sett av 102 mill. kr til finansiering av investeringar. Delar av denne summen vert stroken ved rekneskapsavsluttinga, om årsprognosen slår til. Fylkesrådmannen vil likevel understreka at den økonomiske situasjonen for fylkeskommunen vert svekka.

Risikovurdering

Gjennom den nye rapporteringsmodellen skal alle avdelingane vurdere og melde inn risikofaktorar i forhold til økonomiske avvik - kor sannsynleg det er at avvik vil oppstå og dei økonomiske konsekvensane av dette. Innanfor avdelingane eigedom, regional, kultur- og idrettsavdelinga, tannhelse, økonomi og organisasjonsavdelinga er det lite sannsynleg med store avvik som kan gje monalege økonomiske konsekvensar.

Fylkesrådmannen vurderer det slik at det er størst risiko i prognosen for kollektivinntektene, kostnadar til drift av fylkesvegane og skuleresultata. Dette er nærare omtalt i eigne avsnitt framan for.

Omsetjinga innanfor kollektivtransporten og opplæringssektoren er så stor at det ikkje skal store prosentvis avvik til før det vert store summar.

Når det gjeld utgifter til renter har dette slått positivt ut, også etter 2. tertial. Det er som nemnt realistisk å oppnå ei innsparing på 15 mill. kr i forhold til budsjett. Det er lite som tyder på store endringar i rentenivået

resten av året, og ein stor del av låna har fastrenteavtale. Fylkesrådmannen vurderer det derfor slik at det er liten risiko for avvik ut over det som er meldt inn etter 2. tertial.

Når det gjeld pensjonsutgifter har fylkesrådmannen budsjettert med prognosen frå KLP og Statens pensjonskasse. Den moderate lønsvæksten bidreg til at risikoen er låg for at ein får pensjonsutgifter som er høgare enn det som ligg i budsjettet. Ny prognose frå pensjonsleverandørane er venta medio september. Den vil gje sikrere haldepunkt.

For konsesjonskraftinntektene er det å poengtera at det er liten risiko for ytterlegare svikt i inntektene i 2015 ut over det som er meldt i prognosen. Fylkesrådmannen vil i budsjettet for 2016 gå gjennom kva som er realistisk å budsjettere med i konsesjonskraftinntekter i økonomiplanperioden, og vurdere risikoen for avvik på dette området.

Rapportmodellar

Alle avdelingane skal nytta ein rapportmodell i økonomirapporteringa. Denne vart fyrste gong nytta ved rapportering pr. 1. tertial 2015, og deretter endra noko til rapportering pr. 2. tertial. Mellom anna er modellane tilpassa noko slik at dei høver betre for rapporteringa frå dei to største sektorane; opplæring og samferdsel. Det er utfordrande å få til felles rapport for alle avdelingane; då avdelingane er ulike både i storleik, innhald og kompleksitet. Mellom avdelingane er det også store skilnadar når det gjeld driftsmåla. Fylkesrådmannen er likevel nøgd med rapporteringsarbeidet som avdelingane har gjort.

Rapportane gjev avdelingane sine eigne prognosar for 2015, oversyn over korleis avdelinga ligg an i høve til dei oppsette budsjettmåla og ei enkel risikovurdering. I tillegg rapporterer avdelingane på forbruket på KOSTRA- funksjon 420 Administrasjon. Dette samanlikna med forbruket som avdelinga hadde på funksjonen i 2014.

Alle avdelingane sine rapportar ligg ved saka.

Budsjettmål

Som nemnt ovanfor, er rapportering i høve til vedtekte budsjettmål ein del av rapportmodellen. Det går fram av dei vedlagde rapportane at avdelingane gjennomgåande er i rute i høve til å oppnå budsjettmålsetjingane sine for 2015. Avdelingane sine budsjettmål er meir utfyllande i vedtekte budsjett for 2015 enn i dei vedlagde avdelingsrapportane. Avdelingane skil seg frå kvarandre når det gjeld tal på og utforming av mål. Ved utarbeiding av budsjettet for 2016 vert utforminga av budsjettmåla gjennomgått.

Under oppsummerer fylkesrådmannen overordna avdelingane sine målrapporteringar pr. 2 tertial:

Opplæringssektoren har sett i verk tiltak pr. 2. tertial i høve til budsjettmåla;

- Læringsutbytte og fullføring,
- Rett næringslivskompetanse,
- Klasseleiing,
- Vurdering for læring,
- Bruk av IKT.

Sektoren melder pr. 2. tertial at alle mål vil verta delvis oppnådd i 2015. Dette utanom mål om 72 % fullføringsgrad etter 5 år i vgs. Dette målet kjem sektoren truleg ikkje til å nå i 2015.

Samferdslesektoren melder i høve til sine overordna budsjettmål;

- Betre prioritering på fylkesvegnettet,
- Bidrag mot vegforfall,
- Auka miljøvenleg transport,
- Heilskapleg finansiering av samferdsle.

Samferdsel melder at dei er stort sett i rute i høve til dei oppsette måla pr. 2. tertial. Dette utanom mål om 2 % auke i kollektivtrafikken i Bergen. Dette målet vert truleg ikkje oppnådd.

Økonomi- og Organisasjonsavdelinga melder at fleire av budsjettmåla for 2015 allereie er oppnådd pr. 2. tertial. Det gjeld blant anna;

- 5 % reduksjon av forbruket på porto.
- 5 % reduksjon av forbruket av papir.
- E- fakturaandel i fylkeskommunen på 65 %.

Elles ligg avdelinga stort sett godt an i høve til oppnåing av dei andre budsjettmåla.

Eigedomsavdelinga melder positiv prognose i høve til budsjettmålet sitt for 2015;

- Betre oversikt over avtalar gjennom bruk av kontraktstyringsverktøy.

Det er sett av ressurs til denne oppgåva, og alle avtalane til avdelinga skal vera lagt inn kontraktstyringsverktøyet (KSV) i løpet av 2015.

- Regionalavdelinga melder at 3 av budsjettmåla for 2015 er oppnådd;

- Areal- og transportplan.
- Regional kystsoneplan.
- Avdelinga sine tiltak iht. lågare utslepp frå bilar er gjennomført.

Elles er avdelinga godt i gang i høve til oppnåing av dei andre budsjettmåla.

- Kultur- og idrettsavdelinga melder at avdelinga ligg godt an med alle oppsette budsjettmåla. Ei utfordring er å måle effektar av budsjettmåla for 2015 sidan mange av desse måla er av kvalitativ art. Prognosen tilseier likevel god, om ikkje 100 %, oppnåing av alle mål i 2015.

- Tannhelseavdelinga melder samla sett for alle budsjettmåla at ein ligg godt an, og måla for 2015 vert oppnådde. Mellom anna er fråveret for tilsette i sektoren redusert frå 7,94 % pr. 2. tertial i 2014 til 5,97 % pr 2. tertial 2015.

Fylkesrådmannen viser elles til punkt for måloppnåing i avdelingane sine rapportar, som ligg ved saka.

Oppsummering

Tabell nedanfor som viser status pr. 2. tertial etter funksjonsgruppe (tal i heile tusen kr).

Nedst ser ein at prognosen totalt for fylkeskommunen er forverra med 5 mill. kr samanlikna med prognose pr. 1. tertial. Merknad til tabellen er at prognosetala for eigedom (jf. oppstillinga ovanfor) er lagt inn under kapittelet fellesfunksjonar.

	Rekneskap		Forbruk i		Prognose budsj.avvik		Rekneskap aug. 2014
	aug. 2015	Årsbudsj.	% av årsbud	1. tertial	2. tertial		
Politiske organ og adm.							
Kostnader:	180 660	301 232	60,0 %				200 281
Inntekter:	-19 266	-13 758	140,0 %				-18 160
Netto	161 394	287 474	56,1 %	0	4 000		182 121
Fellesfunksjonar							
Kostnader:	6 064	136 371	4,4 %				9 934
Inntekter:	-1 088	-13 566	8,0 %				-22 886
Netto	4 976	122 805	4,1 %	3 000	6 000		-12 952
Opplæring							
Kostnader:	2 048 120	3 151 654	65,0 %				1 984 935
Inntekter:	-355 884	-358 692	99,2 %				-323 007
Netto	1 692 236	2 792 962	60,6 %	-15 000	-20 000		1 661 928

Tannhelse						
Kostnader:	202 803	292 713	69,3 %			188 444
Inntekter:	-77 912	-108 044	72,1 %			-74 342
Netto	124 891	184 669	67,6 %	0	-2 000	114 102
Regional utvikling						
Kostnader:	137 323	214 430	64,0 %			138 107
Inntekter:	-121 074	-130 505	92,8 %			-141 088
Netto	16 249	83 925	19,4 %	0	1 000	-2 981
Fylkeskom. næringsverksemd						
Kostnader:	35 290	50 000	70,6 %			40 167
Inntekter:	-81 254	-138 300	58,8 %			-98 650
Netto	-45 964	-88 300	52,1 %	-15 000	-15 000	-58 483
Samferdsel						
Kostnader:	1 865 317	2 908 638	64,1 %			1 740 328
		-1 070				
Inntekter:	-648 143	696	60,5 %			-774 727
Netto	1 217 174	1 837 942	66,2 %	-29 000	-45 000	965 601
Kultur						
Kostnader:	209 690	329 310	63,7 %			211 262
Inntekter:	-145 920	-154 937	94,2 %			-176 650
Netto	63 770	174 373	36,6 %	1 000	1 000	34 612
Skatt og rammetilskot						
Inntekter:	-3 968 643	-5 951 000	66,7 %			-3 777 748
Netto	-3 968 643	-5 951 000	66,7 %	-10 000	0	-3 777 748
Renter og avdrag						
Kostnader:	141 012	570 400	24,7 %			150 833
Inntekter:	-51 474	-57 250	89,9 %			-54 141
Netto	89 538	513 150	17,4 %	15 000	15 000	96 692
Interne finansieringstransaskj						
Kostnader:		102 000	0,0 %			130 262
Inntekter:		-60 000	0,0 %			-130 262
Netto		42 000	0,0 %	0	0	
NETTO FYLKET TOTALT	-644 379			-50 000	-55 000	-797 108